

Årsmelding
for
Suldal Idrettslags årsmøte
2016



Årsmeldinga skal gi eit bilete av aktiviteten i idrettslaget, styrets arbeid og undergruppernes aktivitet. Saman med rekneskapet skal årsmeldinga gi ein god oversikt over aktivitet og økonomisk status i klubben.

Sakliste og saksdokument for årsmøte i Suldal Idrettslag

- Sak 1: Godkjenna dei stemmeberettiga
- Sak 2: Godkjenna innkallinga
- Sak 3: Godkjenna saklista
- Sak 4: Godkjenna forretningsorden
- Sak 5: Velja dirigent
- Sak 6: Velja referent
- Sak 7: Velja to medlemmer til å underskriva protokollen
- Sak 8: Behandla idrettslagets årsmelding og undergruppernes årsmeldingar
- Sak 9: Behandla idrettslagets rekneskap i revidert stand
- Sak 10: Behandle forslag og saker:
 - Sak 10.1 – Rehabilitering av lysanlegget i lysløypa
 - Sak 10.2 - Fullmaktsmatrise
- Sak 11: Fastsetja medlemskontingent
- Sak 12: Vedta idrettslagets budsjett
- Sak 13: Behandla idrettslagets organisasjonsplan
- Sak 14: Val

Vedlagt er desse dokumenta:

- Styrets forslag til forretningsorden
- Hovudstyret og undergruppernes årsmeldingar
- Regnskap med revisors beretning
- Forslag og saker, med eventuelle lovendingar
- Styrets forslag til medlemskontingent
- Styrets forslag til budsjett
- Styrets forslag til organisasjonsplan
- Valgkomiteens innstilling og styrets innstilling til ny valgkomité

Med helsing
styret i Suldal idrettslag
Arne Vold, leiar

SAK 1: GODKJENNA DEI STEMMEBERETTIGA

For å ha stemmerett og kunne veljast må ein vere fylt 15 år, vore medlem av idrettslaget i minst ein månad og ha oppfylt medlemskrava. Det same gjeld der ein person skal oppnemnast som representant til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt. Lovlig innkalt årsmøte er vedtaksført dersom det møter eit antal medlemmer som minst tilsvarer antal styremedlemmer.

Vedtak: 18 stemmeberettiga medlemmer er møtt og årsmøtet er vedtaksberettiga.

SAK 2: GODKJENNA INNKALLINGA

Styret kallar inn til årsmøte minst ein månad på førehand direkte til medlemmane, eventuelt på annan forsvarleg måte, og/eller ved kunngjering i pressa, eventuelt på idrettslaget si internettside.

Vedtak: Innkalling til årsmøtet godkjennes.

SAK 3: GODKJENNA SAKLISTA

Innkallinga kan vise til at saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på idrettslaget si internettside eller på annan forsvarleg måte. I så fall skal det gå fram at dokumenta vil bli gjort tilgjengelege seinast ei veke før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag til årsmøtet må vere gjort tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet.

Vedtak: Saklista til årsmøtet godkjennes.

SAK 4: GODKJENNA FORRETNINGSORDEN

FORSLAG TIL FORRETNINGSORDEN:

1. Årsmøtet vert leia av valt dirigent.
2. Valt referent fører protokollen. Protokollen skal underskrivast av valde medlemmer seinast 2 veker etter årsmøtet.
3. Ingen medlemmer må gis rett til ordet meir enn 3 gonger i same sak. Med unntak av hovudinnlegg frå dei forslagsstillerar som har forslag på saklista, settes taletida til: - 5 min. første gang. - 2 min. andre og tredje gang. Medlemmer som krev ordet til forretningsorden har 1 min. taletid. Ønskjer medlemmer å delta i debatten, vises dette ved handsopprekking slik at dirigent kan oppdatera talelista.
4. Dirigenten kan forkorta taletida, samt setja strek for påteikna talerar etter behov.
5. Alle vedtak og val avgjerast med alminneleg fleirtal, bortsett frå dei unntak NIFs lov og idrettslagets lovnorm fastset. Alle valg der det føreligg fleire enn eitt forslag føregår skriftleg eller om det stilles krav om det. Blanke stemmesedlar tel ikkje, og stemmene reknast ikkje som avgitt. Øvrige avstemmingar skjer med handsopprekking.
6. Forslag og vedtak føres inn i protokollen med antal avgitte stemmer - for og imot, samt kven som har hatt ordet i saken.
7. Eventuelle forslag som kjem under forhandlinger, må leverast dirigenten skriftleg og vera signert med medlemmets namn. Forslag kan berre fremjast i saker som står på saklista. Tidlegare forslag kan ikkje trekkjast tilbake, og nye forslag kan ikke fremjast, etter at strek er sett eller at saka er tatt opp til votering.

8. Begrepet «TIL FORRETNINGSORDEN» er for å tilkjennegi at ein er ueinig i dirigentens måte å leia møtet eller voteringa på.

Vedtak: Forslag til forretningsorden godkjennes.

SAK 5: VELJA DIRIGENT

Vedtak: Arne Vold vert valt til dirigent.

SAK 6: VELJA REFERENT

Vedtak: Leif Bakka vert valt til referent.

SAK 7: VELJA TO MEDLEMMER TIL Å UNDERSKRIVA PROTOKOLLEN

Vedtak: Astrid Gundersen og Sverre Vik vert valt til å underskriva protokoll

SAK 8: BEHANDLA IDRETTSLAGETS ÅRSMELDING OG UNDERGRUPPENES ÅRSMELDINGAR

ÅRSMELDING HOVUDSTYRET SULDAL IDRETTSLAG

Styrets samansetning 2016 har vore:

Leiar:	Arne Vold
Nestleiar:	Tommy Berven Hansen
Kasserar:	Silje Færøy
Skrivar:	Kari Steine
Styremedlem:	Øyvind Gjuvsland
Varamedlem:	Torfrid Baustad
Leiar trimgruppa:	Tor Inge Bråtveit
Leiar skigruppa:	Per Even Tjøstheim
Leiar økonomigruppa:	Gro Fisketjøn
Leiar fotballgruppa:	Svein Øystein Berge
Leiar valnemnd:	Leif Bakka

Etter at eit styremedlem trakk seg frå styret kort tid etter årsmøtet i mars 2016, vart det gjennomført eit ekstraordinært årsmøte i mai 2016 kor sitjande styre vart valt.

Suldal idrettslag hadde 31.12.2016 398 medlemmer, mot 370 året før. Framleis har idrettslaget medlemmer frå dei fleste grendene i kommunen. God økonomisk styring og nøktern drift gav i 2016 eit positivt resultat på 60 962,- kroner.

Det har vore fire styremøte denne perioden, og forutan hovudstyret har gruppeleierane møteplikt på styremøta. Årsaker som arbeid og utdanning er medvirkande til varierende frammøte frå representantar på styremøta. Det har vore handsama 29 saker, kor ferdigstilling av prosjektet for

utbetring av lysløypetraseen har vore den viktigaste saka. Mykje ros til prosjektgruppa for den ferdige traseen.

2016 har vore prega av normalt god aktivitet i idrettslaget. Fotballgruppa har framleis den viktige rolla som pådrivar og organisator for kretslaga i kommunen, mykje godt arbeid vert lagt ned her. Gledeleg er det å sjå kunstgrasbanen i bruk gjennom alle årets månadar. Frammøte på skitreningar og skirenn vitnar om godt arbeid også i skigruppa. At ein har lagt opp til meir breidde- og familie-retta samlingar ser ut til å vera eit veldig godt tiltak.

Aktivitetane i regi av trimgruppa er og godt nytta. I tillegg kvinnedominerte treningar som step og yoga, er ballspel/dametric godt besøkt, og har auka til to treningar i veka. I tillegg støttar økonomigruppa resten av laget med arrangering av kiosksal ved undergruppenes arrangement.

Hovudstyret arrangerte i november saman med økonomigrupa og skigruppa «Byttehelgen», ein marknadsdag for brukt vintersportutstyr. Kiosk / kafe bidrog til godt oppmøte denne dagen.

Suldal idrettslag har og vore representert i Suldal idrettsråd.

Egil Fugleberg har etter meir enn 26 års arbeid med Skogstrimmen valt å gi stafettpinnen vidare til Suldal idrettslag. Skogstrimmen har i alle desse åra bidrege til at svært mange har komme seg ut på tur, dei seinare åra har me over 5000 signaturar i turbøkene; dette er ein sterk faktor til betra folkehelse i bygda vår! Mange takk til Egil for framifrå arbeid og god innsats alle desse åra!

Suldal idrettslag er i 2016 tildelt kr.25 000,- frå Sparebankstiftelsen SR-Bank til nye turbok-kassar til Skogstrimmen. Idrettslaget har hatt oppfølgingsmøte med Sparebank1 SR-Bank om sponsoravtale, og i tillegg vart samarbeidsavtalen med Statkraft fornya for eit år.

Suldal idrettslag takkar sponsorar og bidragsyterar for god støtte i 2016, og hovudsponsorane våre Sparebank1 SR-Bank og Statkraft. Takk også til kulturkontoret i Suldal kommune for godt samarbeid i 2016.

For utfyllande informasjon om aktiviteten i idrettslaget, viser me til undergruppenes årsmeldingar.

Til slutt må det rettast ein stor takk til leierar, trenerar og foreldre i Suldal idrettslag. Dykkar innsats er grunnlaget for all den gode aktiviteten i idrettslaget, og er eit viktig bidrag til trivsel i grenda vår.

Suldalsosen 14.03.2017

Arne Vold, leiar

ÅRSMELDING FOR FOTBALLGRUPPA SULDAL IDRETTSLAG

Styret i fotballgruppa har i 2016 vore som følgjer:

Geir Sigmund Bratland
Neri Fisketjøn
Siri Fisketjøn Indrebø
Jon Bråtveit
Svein Øystein Berge, leiar

Aldersbestemte klassar:

Klasse miniknott: Ansvarlege Heidi Elin S. Steine, Neri Fisketjøn og Jostein Aarhus

Det har delteke ca. 27 stk. (1. og 2. klassingar) som vart fordelt på 3 lag som spelte 5er fotball i serie og cup.

Godt frammøte og gode trenarar/lagleiarar gjer at ungane trivst. Kjekt og fasinerande og sjå kor ivrige og engasjerte ungane er. Trening frå etter nyttår, og framover mot serien. Kampar i tillegg i sesongen. Dei har delteke i Statkraftcup i Suldalshallen, Suldalsserien og Suldalscupen på Jelsa.

Klasse knott: Ansvarlege Hans Olav Brustveit og Siri Fisketjøn Indrebø.

Det har delteke ca. 18 ungar i denne klassen, fordelt på 2 lag som har blitt blanda etter beste evne.

Det har vore spelt 5er fotball. Det har vore ei trening i veka og i kampsesongen har kampane komme i tillegg.

Frammøtet har vore godt, og ungane trivst tydelegvis godt.

Trenarar/lagleiarar gjer ein kjempegod jobb som er uvurderleg for at ting skal fungera og det skal verta trivsel.

Dei har delteke på Statkraftcup i Suldalshallen, i Suldalsserien og Suldalscupen på Jelsa.

Klasse lilleputt: Ansvarlege Torbjørn Indrebø og Erik Walter Vold

Det har vore ca. 23 spelarar fordelt på 2 lag. Kjempeflott at mange jenter er med.

Treningar ein gong i veka, og kampar i tillegg i kampsesongen.

Har delteke i Statkraftcup i Suldalshallen, i Suldalsserien og Suldalscupen. I denne klassen er det 7er fotball og tabell. Eit av laga vart nr. 2 i serien og det andre laget litt lenger nede på tabellen.

Me ser at spelarane trivst, har ei god utvikling og stiller jevnt og trutt til trening og kamp. Det tydar på gode trenarar som har ein god dialog med spelarane.

Klasse ungdomstrinn: Ansvarleg Geir S. Bratland

Det har delteke ca. 10 spelarar. Trente for det meste saman med kretsaget til Tommy Espe (G15) Har vore med på innandørs cup på Sand, deltok i Suldalsserien og Suldalscupen. Vart litt amputert Suldalsserie pga. problem med avvikling av kampane. God innsats i sesongen, men ikkje alle spelarane som var lika ivrige. Likevel viktig med eit tilbud til dei som ikkje spelar på kretsag.

A-laget: Ansvarlege Morten Jelsa, Jon Bråtveit og Tor Olav Berge.

Det er spelarregistrert ca. 60 spelarar som meir eller mindre aktive i vaksenfotballen, og mange av desse deltek berre på treningar.

Dei fleste spelarane er i Suldalsområdet, men me har også fleire i Stavangerregionen og eit par i Haugesundsområdet..

A-laget spelte i 6. divisjon og fekk til slutt ein fin 4. plass. Me hadde også eit 7er lag i 7. divisjon som spelar alle kampane i Stavanger. Dette viser at fotballen famnar mange i Suldal og me har vel spelarar frå mest alle krinsane i kommunen. Dette vil igjen gjera at fleire vil ha band til Suldal i framtida.

Trenarar og støtteapparat gjer ein kjempejobb med å prøva å halda laga oppe, men me ser at det er tungt og til tider krevande å jobba med å stilla så bra lag ein ønskjer til kampar. I tillegg har me mista ein del spelarar til andre klubbar og det er utfordrane for oss. Håpet er sjølvstakt at nokon av desse vil venda tilbake til Suldal og ta med seg ny fotballkunnskap som me kan få gleda av.

Samspelet på banen har vore betre dette året pga. at det har vore arrangert treningshelger for å samla mest mogleg av spelarane. Det er ikkje ideelt at laget er delt på to plasser, men me ser likevel lyspunkt

for framtida, med fleire unge spelarar på veg inn i A-laget og etter kvart har det blitt ein låg snittalder på laget. Rekna på det i ein kamp og fann ut at snittalderen var 19,3 år i den kampen.

Av høgdepunkt i år var nok likevel når FK Haugesund kom til Prestavikjo med ein stor del av sitt Eliteserielag for å spela mot eit forsterka Suldalslag. Ca. 300-400 tilskuerar gjorde at denne ettermiddagen vart ein stor suksess. Også økonomisk gjorde denne kampen eit godt bidrag på inntektssida.

Det har vore arrangert dugnader, treningskampar og sosiale samankomstar etc.

Dommarar:

Idrettslaget har ingen aktiv dommar i regi av Rogaland Fotballkrets, men me har lokale krefter som er med på å avhjelpa med dømning i aldersbestemte klassar.

Annan aktivitet:

Samarbeidslag Suldal G15 år med Tommy Espe og Torill Telstad som trenar/lagleiar. Laget har spelt i 2. divisjon krets. Fekk ei bra plassering i si avdeling og viste kjempefint spel i enkelte kampar.

Deltok i REGY-cup i Haugesund ei helg på hausten. Positive tilbakemeldingar etter den helga både fotballmessig og sosialt. Har også for første gong vore representert i kretsserien med reint jentelag. Deltok i J16 11er-fotball og gjorde store framsteg utover sesongen. Fekk seg også nokre fine resultat undervegs.

Petter Hoås og Odd Austarå har hatt eit solid grep om dette laget. Vart litt få jenter på haustsesongen, men fullførte med stil.

Har delteke på dugnad. Vakter i Suldalshallen, div. møte i fotballgruppa, foreldremøte, spelarmøte A-laget, møte om Suldalshallen, i hovudstyret, trenar/lagleiarmøte, kretsting, terminlistemøte, avslutningsarrangement, vedlikehald kunstgrasbane + div. gjermål som dukkar opp undervegs i ein sesong.

Hatt ansvar for bruken av Vinjar gymsal i midtveke.

Arrangert "Nyttårscup" i gymsalen Vinjar.

Økonomi:

Viser til rekneskapen for 2016

Suldal idrettslag fotballgruppa 28.02.2017

Svein Øystein Berge, leiar

ÅRSMELDING FOR SKIGRUPPA SULDAL IDRETTSLAG

Styret 2016:

Leiar: Per Even Tjøstheim

Nestleiar: Sverre Vik

Skrivar: Tone S. Fisketjøn

Styremedlem: Arne Mehus

Styremedlem: Jon Rangvald Ness

Trenarar: Stig Morten Nerheim, Sverre Vik, Alf Odden, Ingrid Lyftingsmo, Astrid Gundersen og Per Even Tjøstheim.

Treningar:

1-4 klasse trenar fast tysdagar. Skileik prega treningane på Gullingen om vinteren med 25-30 ungar. Innetrening i gymsal hausten med omlag 30 ungar. Per Even, Astrid og Ingrid er ansvarlege.

4.-6. klasse trenar fast tysdagar og også torsdagar frå vinteren av med om lag 15 ungar. Skitreninga har føregått i lysløypa og i Breiastølsdalen. Barmarkstrening har vore på rulleski fram til oktober og inne i gymsalen på Sand skule fram til vinteren kom. Stig Morten har vore ansvarleg.

7.klasse og oppover har skitrening tysdag og torsdag på Gullingen med 5-10 ungdommar. Innetrening i gymsalen på Sand tysdag og intervalltrening torsdag på hausten. Sverre Vik og Alf Odden har hatt ansvar for denne gruppa.

Vår og haust har det også vært rulleskitreningar frå 1. klasse.

Renn

Suldal IL arrangerte i 2016 Mosvatnet rundt og Suldalsrennet. Suldalsrennet måtte arrangerast i Breiastølsdalen pga snømangel i lysløypa, men hadde likevel deltakerrekord med ca 110 startende. Mosvatnet rundt gjekk i ordinær trase rundt Mosvatnet. Begge renna er kretsrenn som er innmelde til Skiforbundet.

I tillegg var Suldal IL med og arrangerte skikarusellen. Den første skikarusellen blei avlyst pga snømangel, men dei tre resterande blei gjennomførte etter planen. Karusellen har vore såkalla Telenorkarusell der alle løparane får ein deltakarpremie. På siste karusell var også Labb og Line med for å gjere stas på hovudsponsoren vår SR-bank. I 2016 var det omlag 250 deltakarar.

Suldal IL var i tillegg medarrangør av skirenn på Hamrabø 13 mars.

Suldal IL løparar har vore representert på ein rekke renn frå lokale sonerenn, KM, Ungdommens Holmenkollrenn, Hovedlandsrennet, Norgescup, Junior NM og turrenn både innanlands og utanlands. Løparane til Suldal IL markerer seg godt på resultatlistene utanfor kommunen.

Suldal IL var og som vanleg representert på rulleskirenna Blinken, Lysebotn opp og KM på Hovden.

Miljøtiltak:

Skigruppa har fast tradisjon med å delta på kretsen sitt opningsrenn på Hovden. Dette er blitt ein sosial tradisjon der me bur saman på hytter, går skirenn og trenar. Saudasprinten har også vore ein fast klubbturn.

Sonesamlingar i sone Ryfylke

Suldal IL arrangerte ei sonesamling på barmark i september. Vindafjord IL arrangerte ei barmarkssamling i august og Sauda hadde samling på snø i Slettedalen i november. Hjelmeland IL hadde også ein dagssamling.

Investeringar/vedlikehald

Endeleg har me fått fullført arbeidet med utbetringa av trasèen i lysløypa. Løypa er nå 7-9 meter brei med «rette» doseringar. Det har blitt grøfta og lagt ned stikkrenner for å få vatnet ut or løypa og det er

nå så jamt planert at det skal lite snø til før ein kan byrje å trakke snøen tidleg på vinteren. Arbeidet er utført av Arne Brustveit ved BG -ein stor honnør til han!

Prosjektet med utskifting av lysarmaturar er påbegynt og det er sendt inn ny søknad om tippemidler. Det er gjort lysberekningar og me har valt å gå vidare med ei rehabilitering med stålmaster, jordkabel og led-lys som løysing. På grunn av stor kostnad ved ei total rehabilitering må me dela prosjektet opp i to fasar kor del to vil bli gjennomført om nokre år.

Arbeidet med nye lys skal ha oppstart vår/sommar 2017.

Dugnad

I tillegg til å stille på dei vanlege dugnadane for idrettslaget, vaskar skigruppa dei offentlege toaletta ved lysløypa og har tilsynet med Gullinghuset etter eigen avtale. Det er også gjennomført mange timer dugnad i samanheng med skirenn.

Utfordringar framover

Me har gjort nokre grep med treninga og oppretta «mellomgruppa» 4. – 6. klasse. Dette har fungert veldig bra og stega mellom kvar gruppe har vorte mindre. Det blir ei utfordring å framleis utvikle skigruppa slik at me på sikt kan trekka til oss endå fleire og ikkje minst halda på dei eldste ungdommane i gruppa. Målet vårt er at så mange som mogleg skal få positive opplevingar ved aktivitetane i skigruppa, uansett nivå og alder.

Ei anna utfordring i 2017/2018 er å gjennomføre utbetringa av lysanlegget i lysløypa.

Suldalsosen 28.02.2017

Per Even Tjøstheim

ÅRSMELDING FOR TRIMGRUPPA SULDAL IDRETTSLAG

Styret har vore:

Olaug Haaranes

Gunn Tove Eikeland

Tor-Inge Bråtveit

Tor-Inge Bråtveit har fungert som leiar.

Det har vore god aktivitet i 4 ulike grupper. Det er yoga, dametrim, gubbatrim og volleyball.

Ballspel har utvida til 2 gonger i veka, onsdag og søndag . Og det er Step på torsdagane.

Volleyballtrimmen har vorte svært populær blant eritrearane i kommunen. Slik sett kan me vel seia at Suldal idrettslag er ein bidragsytar i integreringsarbeidet i Suldal.

Tor-Inge Bråtveit

ÅRSMELDING FOR ØKONOMIGRUPPA SULDAL IDRETTSLAG

Medlemmer i økonomigruppa 2016 har vore: Gro Fisketjøn. Petra Odvody og Erik Walter Vold.

Me har hatt kiosksalg i Gullinghuset under skikarusellrenna, Mosvatnet rundt og Suldalsrennet.

Salget av pølser, lappar,sjokolade, kaffi og saft går veldig godt, og ser tydeleg gleda hjå borna når kiosken blir besøkt. Desidert minst salg ved Mosvatnet rundt, der kunne ein hatt ein slags sjølvbetjening.

Gruppa hadde salg av pølser, is, sjokolade, brus og kaffi i kiosken ved Prestavikjo under FKH kampen. Salget gjekk godt også her.

Ved Møgedalsmarknaden hadde me ansvaret for parkeringa. Det blir ein lang dagnadsdag for dei involverte, men folka stiller opp. Eit alternativ er å dela dagen opp i vaktlag, men då blir me avhengige av fleire folk (kan vurderast)

Under Byttehelgen som vart arrangert på Samfunnshuset selde me graut og saft, smat kaffi og kaker. Mange valgte å ta laurdags grauten hjå oss, så dette blei vellukka.

Gro Fisketjøn, 21.02.2017

Leiar økonomigruppa

Vedtak: Hovudstyrets og undergruppenes årsmeldingar med tilføringar godkjennes.

SAK 9: BEHANDLA IDRETTSLAGETS REKNESKAP I REVIDERT STAND

Vedtak: Det framlagte rekneskapet for rekneskapsperioden 01.01.2016 – 31.12. 2016 med uttale frå revisor er godkjent utan kommentar. Resultatet for 2016 var overskot på kroner 60.962. Laget har ein eigenkapital på kroner 1.065.793.

SAK 10: BEHANDLA FORSLAG OG SAKER:

Sak 10.1 – Rehabilitering av lysanlegget i lysløypa

Sak 10.2 – Fullmaktsmatrise

Ingen innleverte forslag og saker frå medlemmer

SAK 10.1 – REHABILITERING AV LYSANLEGGET I LYSLØYPA

Mosvatnet Lysløype er eigd og driven av Suldal Idrettslag, og lysløypa ligg open og tilgjengelig for alle til fri bruk. Blant anna er Ski-karusellen med godt over hundre deltakande born og vaksne eit viktig arrangement som er avhengig av eit fungerande lysanlegg.

Alle driftsutgifter i samband med drift og vedlikehald av lysløypa er kosta av Suldal IL. Lysløypa vart bygd på slutten av 1970-talet, er ca 3 km lang og har omlag 70 lyspunkt. Noko av materiellet som i dag er i drift var overskuddsmateriell frå Ulla-Førre anlegga.

Det er i 2015 og 2016 foretatt rehabilitering og mindre omlegging av lysløypetraseen. Rehabilitering av traseen har medført at lysløypa somme stader er lagd noko om i terrenget, mykje drenering er lagd ned, og ein har oppnådd lengre brukstid av traseen. Dette medfører at alle dei gamle lyspunktta ikkje er optimalt plasserte i forhold til løypetraseen, og fleire stader er det i dag manglade lys og andre stader svakt lys. I tillegg må fleire trestolpar flyttast frå traseen til sida av traseen.

Pålegg frå Miljødirektoratet om at lysarmaturar som inneheld miljøgifta PCB skal fjernast, fører til behov for å byta lamper og elektrisk utstyr tilhøyrande Mosvatnet Lysløype. Endra krav til lyskvalitet, tilstanden på dagens materiell og ny type teknologi krev at Suldal IL må utføra ei større ombygging av lysanlegget i lysløypa. Ei total rehabilitering av lysanlegget har pr januar 2017 ein estimert kostnad på kr. 3 600 000,-

Ei total rehabilitering av lysanlegget bør utførast i to fasar, kor første fase inneber utskifting av PCB-haldige lysarmaturar med tilhøyrande utstyr. Dette arbeidet har ei kostnadsrame på kr. 1 510 000,- og er spelemiddelfinansiert med inntil kr 700 000,-

Kostnadane med utskifting av PCB-haldige lysarmaturar med tilhøyrande utstyr er slik:

- Materialkostnadar kr 815 000,-
- Anleggsarbeid kr 505 000,-
- Uføresettt kr 130 000,-
- Administrasjon kr 60 000,-

Suldal kommunes andel er vedteken på økonomi- og handlingsplan for 2017-2020. Prosjektet er og prioritert på 2.plass etter Suldal Bad på prioriteringslista for spelemiddelprosjekt. Utskifting av PCB-haldige lysarmaturar med tilhøyrande utstyr er er tenkt utført i 2017 og vert finansiert slik:

- Spelemidlar kr 700 000,-
- Suldal IL kr 460 000,-
- Suldal kommune kr 350 000,-

Suldal ILs andel på kr 460 000,- er tenkt finansiert slik:

- Gåver og rabattar kr 315 000,-
- Eigenandel kr 85 000,-
- Dugnad kr 60 000,-

Suldal IL meiner det er behov for fullstendig rehaibilitering av lysanlegget i lysløypa. Dette har pr januar 2017 ein kalkyle på kr. 3 600 000,- og medfører erstatting av gamle tremaster med nye stålmaster, luftlinje vert erstatta med jordkabel, og PCB armaturar vert erstatta med LED armaturar.

Suldal IL er kjende med Suldal kommunes stor investeringar på anleggs-sida, bl.a. Suldal Bad, og ser det difor som mest teneleg for både Suldal kommune og Suldal IL at ein splittar prosjektet i fase ein og to, kor fase ein inneber rehabilitering av lysanlegg som inneheld miljøgifta PCB, eit spelemiddelprosjekt kor ein kan få dekkja inntil 50% av kostnadane frå spelemidlar, maks kr. 700 000,- Suldal IL vil starta på fase ein av prosjektet i 2017.

Vedtak: Suldal idrettslag gjennomfører første fase med å erstatta PCB haldige lysarmaturar med nye LED armaturar samt nødvendig elektrisk utstyr, og erstatta dårlege trestolpar der dette er mest kritisk. Dette prosjektet har ei total kostnadsrame på kr. 1 510 000,- Leiar i skigruppa er ansvarleg for å oppretta ei eiga prosjektgruppe som har ansvar for gjennomføringa av rehabilitering av lysanlegget. Fase to må bli eit eige prosjekt ved seinare høve.

SAK 10.2 – FULLMAKTSMATRISE

For å redusera risiko for feil og økonomiske misligheter får dei ulike gruppene myndighet å forvalta gruppenes økonomi i henhold til eigne vedtekne budsjett og fullmaktsmatrise.

FULLMAKTSMATRISE FOR SULDAL IDRETTSLAG.

Vedtatt på årsmøte 14.03.2017

FULLMAKTSMATRISE	Styret	Styreleiar	Kasserar	Gruppestyre	Trenerar	Kommentar
Signera avtalar på vegne av idrettslaget	Ja	Inntil 100.000	-	Inntil 30.000	-	Signaturrett er registrert i foretaksregisteret
Kjøpe/selja anlegg og utstyr	Ja	Inntil 100.000	-	Inntil 30.000	-	
Gjennomføra betalningar	-	Signatur i fellesskap	Signatur i fellesskap	-	-	Minimum to må signera kvar betaling
Godkjenna fakturaer	Ja	Inntil 75.000	Inntil 35.000	Inntil 30.000	Inntil 5.000	Alle fakturaer må signerast av minimum to personer
Oppretta, endra eller sletta bankkonto	-	-	Ja	-	-	-
Gi tilgang til betalingsfullmakt i bank	Ja	-	Ja	-	-	-
Godkjenna rekneskap	Ja	-	-	Gruppe-rekneskap	-	-
Godkjenna budsjett	Innstillar forslag til årsmøte	-	-	Fastsetja gruppe-budsjett	-	-

Vedtak: Fullmaktsmatrisa vert godkjent.

SAK 11: FASTSETJA MEDLEMSKONTINGENT

Medlemskontingenten i Suldal idrettslag for 2016 har vore: Born kr 250,- Vaksne kr 300,- Familie kr 600,- Samanlikna med andre idrettslag av same storleik og aktivitetsnivå har Suldal idrettslag låg medlemskontingent, og styret ønskjer at medlemskontinent skal vera låg.

Vedtak: Medlemskontingent for 2017 nyttar same satsane som 2016.

SAK 12: VEDTA IDRETTSLAGETS BUDSJETT

Vedtak: Det framlagde budsjett for 2017 er godkjent utan kommentar. Det er budsjettert med eit overskot på kroner 31.600.

SAK 13: BEHANDLA IDRETTLAGETS ORGANISASJONSPLAN

ORGANISASJONSPLAN FOR SULDAL IL



Vedteke på årsmøtet 14.03.2017

Grunnlagsopplysningar for Suldal IL

Navn: Suldal Idrettslag
Skipa: 21.02.1946
Idrett: Fleiridrettslag
Postadresse: 4237 Suldalsosen
E-postadresse: leiar@suldal-il.no
Rekningar: E-post: kasserar@suldal-il.no
Bankkonto: 3210 30 09617
Banksamband: SpareBank 1 SR-Bank
Internettadresse: www.suldal-il.no
Organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret: 983958605
Anleggsadresse: Prestavikjo
Telefon: 48054009
Registrert tilknytning til Rogaland idrettskrets
Registrert tilknytning til Suldal idrettsråd
Registrert tilknytning til Rogaland fotballkrets, Agder og Rogaland skikrets
Klubbnummer i NIF sitt medlemsregister: KL11340003
Årsmøtemånad: Mars


FØREMÅL

Suldal IL skal være ein open og demokratisk organisasjon der føremålet er å driva idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).

Arbeidet skal vera prega av friviljug innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. Alle idrettslege aktivitetar skal byggja på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

Idrettslaget er sjølvvegande og frittståande med kun personlege medlemmer.

ORGANISASJON



Suldal IL har følgjande undergrupper:

- Fotball, Ski, Trim, Økonomi og prosjektgruppe for lysløypeprosjektet.

Lovnorma vedtatt av årsmøte er overordna norm for organisering og drift av laget. Suldal IL har eit hovudstyre med 5 medlemmer og 1 varamedlem. Styremedlemmer, leiar, nestleiar og varamedlem blir valt på årsmøte. Elles kan styret konstituera seg sjølv (skrivar, kasserar m.m.), jmf lovnorma.

VAL

Undergruppene sender forslag på nye kandidatar til si undergruppe til valkomiteen i god tid før årsmøte. Valkomiteen samlar inn og lagar forslag til val til årsmøte. Årsmøte skal vedta valet og alle verv inkludert medlemmer i undergruppene.

Valkomiteen skal veljast av årsmøte på fritt grunnlag etter innstilling frå styret (Lovnorm §15.10.f).

Undergruppene konstituerer seg sjølv (vel leiar m.m.).

STYREMØTA

Leiar i dei 5 undergruppene møter på styremøta til Suldal IL. Styremøta har sak med orientering frå undergruppene, slik får styret orientering frå leiarane i undergruppene direkte.

Innkalling til styremøte skjer ved bruk av e-post (leiar kallar inn). Styrereferata blir sendt per e-post (skrivar sender ut). Det blir halde 3-5 styremøte per år. I tillegg tar ein enkeltsaker via e-post/telefon utanom møta viss behov.

BUDSJETT – REKNESKAP

Budsjett vedteke av årsmøtet er forpliktande for drifta av heile laget. Gruppene skal halda seg til sine godkjente budsjett.

Det skal leggjast fram rekneskap for styret. I samband med dette skal gruppene vurdere/kommentera den økonomiske situasjonen sin.

Årsmøte i Suldal IL har vedtatt at kasserar kan disponera lagets bankkontoar og nettbank aleine.

Vedtak: Framlagde organisasjonsplan godkjennes.

SAK 14: VAL AV:

- 14.1 Styreleiar
- 14.2 Nestleiar
- 14.3 Øvrige styremedlemmer
- 14.4 Varamedlemmer
- 14.5 To revisorar
- 14.6 Representantar til ting og møter i dei organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett eller gi styret fullmakt til å oppnemna representantane
Valnemndas innstilling: Styret får fullmakt til å oppnemna representantar til dei ulike ting og møte.
- 14.7 Leiar av valkomiteen
- 14.8 Øvrige to medlemmer av valkomiteen
- 14.9 Varamedlem til valgkomiteen

Sjå innstilling frå valnemnd på neste side.

VALG SULDAL IL - 2017 - innstilling frå valnemd

Rolle	Namn	Valg 2017	Status val 2016 / 2017	Gjenvalg	Kommentar
HOVUDSTYRET					
Leiar	Arne Vold	x	Valgt i 2016 for 2 år	x	På valg som leiar i 1 år
Nestleiar	Øyvind Gjuvsland	x	Valgt i 2016 for 2 år		
Skrivar	Kristine Bøe Berge	x	Valgt i 2017 for 2 år		
Kassserar	Silje Helen Færøy		Valgt i 2016 for 2 år		
Styremedlem	Vidar Jørgensen	x	Valgt i 2017 for 2 år		
Varamedlem	Kathrine Kroken	x	Valgt i 2017 for 2 år		
FOTBALL					
Medlem	Svein Øystein Berge	x	Valgt i 2017 for 2 år	x	Gruppa reduseres til 4 pers.
Medlem	Neri Fisketjøn		Valgt i 2016 for 2 år		
Medlem	Siri Fisketjøn Indrebø		Valgt i 2016 for 2 år		
Medlem	Jon Bråtveit		Valgt i 2016 for 2 år		
SKI					
Medlem	Per Even Tjøstheim	x	Valgt i 2017 for 2 år	x	
Medlem	Arne Mehus		Valgt i 2016 for 2 år		
Medlem	Tone Sande Fisketjøn		Valgt i 2016 for 2 år		
Medlem	Oddny Lunde Bakka	x	Valgt i 2017 for 2 år		
Medlem	Sverre Vik		Valgt i 2016 for 2 år		
TRIM					
Medlem	Tor Inge Bråtveit		Valgt i 2016 for 2 år		
Medlem	Siri Horvei	x	Valgt i 2017 for 2 år		
Medlem	Gunn Tove Eikeland	x	Valgt i 2017 for 2 år	x	
ØKONIMI					
Medlem	Else Kristin Hilde	x	Valgt i 2017 for 2 år		
Medlem	Runar Vold	x	Valgt i 2017 for 2 år		
Medlem	Petra Odvody		Valgt i 2016 for 2 år		
REVISOR					
Medlem	Margrete Moen	x	Valgt i 2017 for 2 år	x	
Medlem	Gunvor W. Hoftun		Valgt i 2016 for 2 år		
VALNEMD					
Medlem	Leif Bakka		Valgt i 2016 for 2 år		
Medlem	Laila Steine		Valgt i 2016 for 2 år		
Medlem	Anette Berge Espe		Valgt i 2016 for 2 år		
Varamedlem	Erik Walter Vold	x	Valgt i 2017 for 2 år		

Personar på val vart alle valde ved akklamasjon.